

Meland Kommune  
Rådhuset  
5918 Frekhaug  
Att. Plan, utbygging og kommunalteknikk v/Merete Tvedt

### **Søknad om dispensasjon**

I forbindelse med grunnarbeid til nytt kontor/lagerbygg har Kolos Eiendom AS masseutskifta og steinsett mykje masser i sona mot tjern. Desse massane innehaldt og mykje avfall som har vorte fjerna i denne prosessen.

Dette gjelder langs kontorbygg samt mot veg ved bustadfelt (mot gnr22/bnr210 og nord/austre del av gnr 22/ bnr 184 samt gnr 22/bnr171 )

Området mot tjern som er steinsett og opparbeida har vorte tilrettelagt med tanke på gangveg frå industriområde til bustadområde.

Her har Kolos Eignedom AS brukt mykje tid og resursar på tilrettelegging slik at det skulle bli best mogeleg for bebuarar i området. Det har og i den forbindelse vore halde ein tett dialog med naboar.

Nord-austre del av gnr 22/bnr171 er ferdig tilrettelagt med grusveg.

Grunna ei misforståing har eit område mot tjern og gnr22/bnr184 vorte rensa for avfall og steinsett. Dette området ligg like utanfor regulert område for industri og er på ca 190kvm.

Dette området ligg der det vil være naturleg tilgang til veg frå bustadområde til industriområde.

Kolos Eiendom AS ønskjer å ferdigstillast gangveg slik at den går langs tjern og fortsetter opp mot asfaltert veg ved bustadfelt.

Resterande område som er opparbeida og som det ikkje er behov for til gangveg, ønskjer Kolos Eiendom AS å bruke til parkeringsplass for gjester til kontorbygg. Dette området er en del av Kolos Eignedom AS sin tomt, gnr 22/bnr184.

Området ved parkeringsplass ønskjer vi å beplante med hekk/planter for å oppretthalde/forbetre vegetasjonsbelte mot bustadområde og dermed auke grøntareal samt redusere innsyn. Vi ønskjer og å beplante område frå gangveg mot tjern.

Vi søker og om fritak frå nabovarsel da vi meiner at naboer ikkje vil bli negativt berørt og på grunn av at vi allereie har hatt ein tett dialog med naboer.

Vi håper at kommunen vil sjå den positive ringverknaden for heile området og godkjenne søknad om dispensasjon.

Gbnr 22/184 er regulert av reguleringsplanen for Industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka:  
<http://braplan.geoweb.no/bpvedlegg/1256/Dokument/1083581044008.pdf>

For industriområde vert det vist til § 11 i reguleringsplanføresegn.

I forhold til parkbelte mot bustadfeltet overlappar reguleringsplanen for Mjåtveitmarka, der er parkbeltet og grøntområde/Naturvernområde regulert inn :

<http://braplan.geoweb.no/bpvedlegg/1256/Dokument/1372145748753.pdf>

For parkbelte i industristrøk gjeld føresegn § 6.1.

For Kolos Eigedom as

Terje Bjørge, Mobil 403 32 233

Vedlegg:

1. Situasjonsbilder 2015 og 2017
2. Kart



